



Musikklaget spelar ved ny-opninga av Spar-butikken forsommaren 2012(Foto: Ola Matti Mathisen).

Etter ein del år med berre sporadisk aktivitet, har det dei to siste sesongane vore jamn og god aktivitet i musikklaget. No er det ny sesong, messinggruppa har hatt to øvingar, og musikarane som har vore med dei siste åra møter også i år trufast og motivert opp til øving. Gjengen har eit sterkt ønske om at det skal dukke opp nokre nye musikarar.

Medlemstalet har dei siste åra vore 12 -15, og gruppa har tilpassa repertoaret etter besetninga. Det har vore lagt vekt på musikk som let godt, og som både publikum og musikarane likar. Det har ein lukkast med, og stemninga er svært god både på øvingane og når gruppa opptrer. Vi prøver stadig å fornye repertoaret, og på neste øving er det klart for oppstart på den populære Vamp-melodien Liten fuggel.

Vanskegraden på musikkstykkja skal ikkje skrema nokon. Musikklaget er ein flott plass å begynne og spela att om ein har hatt pause frå instrumentet ei stund. Fleire av dei som spelar no, har gjort comeback etter ein lengre pause.

Øvingane er kvar tirsdag frå kl.20 til ca. kl.21.30 i Uskedalen skule. Det er eit kjekt og godt tilbod, med musikk og mykje humør. Det er veldig kjekt om både fleire uskedelingar og folk frå nabobygdene sluttar seg til laget. Det er berre å stille på øving tirsdag. Har de spørsmål, kan de kontakte Knut Steinsletten, mobil 995 51 950, eller nokre andre i laget.

Av: Thor Inge Døssland.